

NOTAT

GÅR TIL: Styremedlemmer
FØRETAK: Helse Vest RHF

DATO: 24.11.2021
FRÅ: Administrerende direktør
SAKSHANDSAMAR: Ivar Eriksen
SAKA GJELD: **Orientering om lover, forskrifter og myndigheitskrav i perioden 13.09.21 - 24.11.21**

ARKIVSAK: 2021/136
STYRESAK: 107/21

STYREMØTE: 08.12. 2021

Administrerende direktør si orientering pkt. 2

Oversikt over aktuelle lover i perioden 13.09.21 - 24.11.21

Lov	Dato for kunngjering	Kva lova/lovendringa gjeld
Ingen nye saker i perioden.		

Oversikt over aktuelle nye forskrifter og forskriftsendringar i perioden 13.09.21 - 24.11.21

Forskrift	Dato for kunngjering	Kva forskrifta/endringa gjeld
Covid-19-forskrifta		Det blir jamleg gjort endringar i covid-19-forskrifta. Siste endring er gjort 23. november 2021. Oppdatert versjon av forskrifta er å finne på lovdata; Forskrift om smitteverntiltak mv. ved koronautbruddet (covid-19-forskriften) - Lovdata For oversikt over endringar og andre relaterte tilrådingar, sjå endringslogg til Helsedirektoratet si rettleiar med oversikt over avgjersler og tilrådingar knytt til koronaviruset;

		https://www.helsedirektoratet.no/veiledere/koronavirus/endringslogg

Oversikt over andre myndigheitskrav frå Helse- og omsorgsdepartementet i perioden 13.09.21 - 24.11.21

Myndigheitskrav	Dato	Kva saka gjeld
Føretaksmøte i Helse Vest RHF	11.10.21	Det blei gjennomført føretaksmøte i Helse Vest RHF 11. oktober 2021 for behandling av sak om permanent nasjonalt beredskapslager for smittevernutstyr. I møtet blei dei regionale helseføretaka bedne om å: • Ta ansvaret for eit permanent nasjonalt beredskapslager for smittevernutstyr med utgangspunkt i lageret som er etablert under koronapandemien. Lageret skal utvidast for å kunne handtere eit realistisk alvorleg utbrot med delvis smitte via luftsmitte i inntil tre månader. Ansvaret skal på sikt omfatte eigarskap til varebeholdning og ansvar for innkjøp, rullering, organisering, drift og forvaltning av beredskapslageret. • Innan 15. juni 2022, og under leiing av Helse Sør-Øst RHF, greie ut ○ eit kostnadseffektivt system med lågast mogleg kassasjon av smittevernutstyr ○ formålstenleg organisering, herunder om eigarskapet skal leggjast til eitt eller fleire regionale helseføretak ○ forslag til ein framdriftsplan for etableringa av lageret ○ forholdet til dei regionale helseføretaka sine eigen beredskapslager ○ korleis det nasjonale beredskapslageret skal handterast regnskapsmessig